

HYRDINGEN



Nr. 1

Februar 2025

ÅRGANG 67

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Trusoplæringsprisen 2024 gjekk til Anita og Torbjørn Hamre. Sjå side 16.
Foto: S.Skartland

Presten har ordet	s. 2	Barnas side	s. 5	Jubileumstema om nestekjærlig	s. 10
Bladpengar og økonomi	s. 2	Minneord om Reidun Fjeldheim	s. 6	Ei bøn dei fleste kan be	s. 11
Redaksjonspennen	s. 3	Minneord om Anna Kvitno Dagsland	s. 7	Frå kyrkjeboka	s. 11–12
Min song	s. 3	Vikebygd bedehus Betlehem	s. 7	Gudstenestelista	s. 13
Fasteaksjonen	s. 4	Misjonsprosjektet	s. 8	Møte og kunngjeringa	s.14–15
Konfirmantar våren 2025	s. 4	Reisebrev frå Kenya	s. 8–9	Trusoplæringsprisen 2024	s. 16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170

E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 531472
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:

Kontortid etter avtale. Måndag er fridag.

Ølen og Bjoa

Vikarprest Sigfred Sørensen
Kontor: Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 / 488 90 359
sigfred.sorensen@outlook.com

Skjold, Vats og Vikebygd

Prest Elisabeth Fauskanger
Kontor: Skjold kyrkje, Kleivav. 2, 5574 Skjold
Tlf. 992 70 811
elisabeth.fauskanger@vindafjord.kommune.no

Vikedal, Sandeid og Imsland

Prest Eli Kolstad
Tlf. 909 97 717, ek675@kirken.no
Prostiprest Sigve H. Clementsen
Tlf. 957 52 858, sc833@kirken.no
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 452 21 580
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Kantor Solveig Meling Johannesen

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Prost Rune Steensnæs Engedal
Tlf. 52 80 95 00 / 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

post.kyrkja@vindafjord.kommune.no
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93 / Mob. 977 64 146
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96 / Mob. 917 95 875

Sokneråd, leiarar:

Skjold, Vats og Vikebygd: Iren Eike
Ølen og Bjoa: Gunda Berge
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Tine Karin Årvik
Imsland: Marita Kvitno Staurland

Presten har ordet

Eli Kolstad, prest i Sandeid, Vikedal og Imsland
Foto: Steinar Skartland



**Og no, så seier Herren,
som skapte deg, Jakob,
som forma deg, Israel:
Ver ikkje redd!
For eg har løyst deg ut,
eg har kalla deg ved namn, du er min.**
Jes.43,1

Frykt er ei vond kjensle. Redsla kan komme snikande eller den kan komme som kasta på oss. Som liten var eg redd for ein heil del ting, og særleg mørket. Det var trygt når nokon gav meg en hand å halde i, hadde med lom-melykt og fortalte meg at eg ikkje trong å vere redd. Nokre gonger kan vi kjenne på frykta for å ikkje høyre til. Frykta for å ikkje vere god nok. Frykta for å ikkje strekke til. Inni mellom kan dette også infil-trere våre tankar om Gud. Mange gonger i Bibelen møter vi orda: «Frykt ikkje. Ver ikkje redd.» I dag handlar det om at vi ikkje treng å vere redde for å ikkje strekke til eller vere god nok for Gud. Vi kan kvile i at Gud seier til oss: «Ver ikkje redd! Eg har løyst deg ut, eg har kalla deg ved namn, du er min.» (Trygve Bjerkheim) Gud kalla oss. Det er ikkje noko vi har komme på av oss sjølv. Det kviler på han, ikkje på oss. «Det alt er ferdig eg skal inkje gjera. Men bare kvila i det du har sagt» Det er som om Gud seier: Du høyrrer til hos meg. Eg har kalla deg ved namn. Det kan ingen ta frå deg eller rokke ved. Ingen kan rive deg ut av mi hand.

Ein av dei finaste forteljingane eg veit om i Bibelen, er forteljinga om Maria Magdalena som møter Jesus ved grava. Ho kom til grava og blinda av sorg ser ho ikkje kven ho snakkar med. Ho trur ho snakkar med gartnaren. «Herre, er det du som har teke han bort, så sei meg kvar du har lagt han, så eg kan ta han med meg.» Så skjer

det. «Maria». Jesus seier namnet hennar, og ho kjenner han att. Maria kjenner han som eig den stemma. Det er han som har vist at ho er elska, og som har tatt imot henne med nåde og tilgjeving. Gleda over å møte den oppstadne må ho dele med fleire, og ho gjekk til lære-sveinane og sa: «Eg har sett Herren!» Kanskje kunne ho ha lagt til: «Og han har kalla meg ved namn.» Eg høyrrer til. Eg er rekna med. Når Jesus kallar Maria utanfor grava, møter ho den oppstadne. Det gir håp om ei framtid etter at livet på jorda tar slutt. Det er eit himmelhåp som overstig dødens makt, fordi Jesus vant over døden.

Ver ikkje redd! Du er kalla ved namn. Han seier at kvar og ein av oss høyrrer til hos han. Vi er høgt akta og elska. Guds kall til oss ved vårt namn rommar også eit framtidshåp. Vi er ikkje åleine nokon gong, ikkje no og ikkje i framtida.

Bladpengar og økonomi

Tekst: Steinar Skartland

I dette nummeret finn du igjen eit ark med giro. Vi oppmodar så mange som mogeleg av dei som mottar Hyrdingen om å støtta bladet med «blad-pengar». Bruk gjerne giroen eller betal over bank til konto: **3240.11.17937**. Men vil du heller bruka **VIPPS 531472** og betala til Hyrdingen, så har vi her ein QR-kode som du kan skanne med telefonen din.

Redaksjons-PENNEN

Av redaktør Steinar Skartland

Godt år og gratulera med dagen! Det kan vi trygt seia når Stavanger bispedøme, by og domkyrkje feirar 900 år. Både Stavanger by og bispedøme er frå 1125 bygd opp kring domkyrkja, sjølv om kong Kristian V av Danmark-Norge i 1682 avgjorde at bispesetet skulle flyttast til Kristiansand. Slik var det fram til 1925 då det igjen vart Stavanger.

Sokna Ølen, Bjoa og Vikebygd var ein del av Bjørgvin bispedøme fram til Ølen kommune vart overført til Rogaland 1. januar 2002. Då måtte også bispedømet, som femner om Rogaland, endra grensene. Mange hugsar vel fotoet som viste biskop Ole D. Hagesæther som rakk fram handa til biskop Ernst Baasland føre altaret i Ølen kyrkje. Bak hendene deira lyste skrifa på altaret: «Fader forlad dem, thi de vide ikke, hvad de gjøre.» Men folket og kyrkjene i gamle Ølen fellesrådsområde har vel hatt gode erfaringar med å vera ein del av Stavanger bispedøme. Mange gonger har vi hatt biskopen på besøk her nord, m.a. då Ølen kyrkje feira 150 år i fjor. For sokna i nye Vindafjord ligg tett på kvarandre og det har vore naturleg å samarbeida. Slik har dei funne saman: Ølen og Bjoa i eitt sokn, Skjold Vats og Vikebygd i tett samarbeid. Kanskje det også er naturleg for Imsland, Vikedal og Sandeid framover?

Sokna har kyrkjebladet felles. Men Hyrdingen må tenkja nytt. I 2025 vil det koma ut 4 papirutgåver og redaksjonen vil samarbeida med kyrkjekontoret om å få ut meir informasjon på web-sida: vindafjord.kyrkjer.no. I dette nummeret minner vi på bladpengane. Vi er avhengige av gåver, støtteannonsar og blad-pengar for å kunna gje ut kyrkjebladet. Takk til alle dei som støttar arbeidet med Hyrdingen økonomisk.

Bladpengar og gåver er viktig for at vi skal kunne laga og senda ut kyrkjebladet for Vindafjord til alle husstandane i kommunen. Tusen takk også til de som støttar med takkoffer til kyrkjebladet i kyrkjene, eller med annonsar.

Min song

Omtale av Thomas Alvseike



Thomas er gift med Kristin, saman har dei tre born. Thomas bur på Utbjoa og jobbar til dagleg med oppdrett av berggylte.

Eg er veldig glad i musikk og ofte er det melodien som fangar mi merksemd fyrst. Både fordi eg er veldig glad i å plystre når eg arbeidar, men og fordi eg er «hobby-saxofonist». Men bak mange flotte melodiar, kjem teksten forsiktig men ofte sterkt fram som fullstendig toppar den totale opplevinga av musikken. Mange salmar er nettopp slik. Ein eg har lyst til å trekkje fram er «Deg være ære», ei mektig og sterk salme som me ofte syng til påske, men som for meg passar året og livet ut. Dette er ein absolutt seierssang! Tenk at Jesus er Herre over dødens makt! Og døden for evig er han underlagt! Han opna vegen til himmelen på korset då han sa «Det er fullbrakt!». Då gjorde han det mogleg for både deg og meg som vil tru på han å koma inn til himmelen.

«Frykt ikke mere, evig er han med!» Paradoxsalt og på tross av all urett, fattigdom og krig i verda har me ikkje grunn til å frykte når Jesus går ved sida vår. Han vil følge oss på vegen heim så lenge me er her på jorda. Og når han som er himmelens og jordas skapar seier «Frykt ikke!», -ja, då må me ta han på ordet og tru på hans ord. For me har eit evig liv som ventar oss når livet her ein gong tar slutt.

1: Deg være ære, Herre over dødens makt! Evig skal døden være Kristus underlagt. Lyset fyller haven, se, en engel kom, åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!
Refr.: Deg være ære, Herre over dødens makt! Evig skal døden være Kristus underlagt.

2: Se, Herren lever! Salig morgenstund! Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn. Jubelropet runger: Frelseren er her! Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er!
Refr.: Deg være ære, Herre over dødens makt! Evig skal døden være Kristus underlagt.

3: Frykt ikke mere! Evig er han med. Troens øye ser det: Han gir liv og fred. Kristi navn er ære, seier er hans vei, evig skal han regjere, aldri frykter jeg.

Redaksjonsarbeidet vert gjort som dugnad, men vi leiger tenester frå Omega 365 Design til layout, trykk hos Kai Hansen trykkeri og distribusjon i Posten. Rekneskapen blir ført av kommunen, og revidert av kommunen sin revisor (som del av Fellesrådet sin rekneskap). Seinare år har inntektene vore mindre enn kostnadane. Sokn og fellesråd har då bidratt med støtte for å dekke underskotet.



QR-kode til VIPPS Hyrdingen.

Fasteaksjonen – håp i ein dråpe vatn

Info ved Kirkens Nødhjelp/ Ingrid Sørvåg
Foto: KN

Takk vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, der mange millionar kroner blir samla inn i kyrkjelydane i Noreg kvart år, kan Kirkens Nødhjelp bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit leivebrød. Konfirmantane våre deltek som bøsseberarar, i lag med andre frivillige der det trengs for å fylla opp rutene. I år er aksjonsdagane 6.–8. april, tysdag 8. april vil bøsseberarar banka på dørene i Vindafjord.

Mest 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda i dag pga. jordskjelv, tørke, flom, krig.... Verda er i krise, ta vel i mot konfirmantane våre når dei kjem med bøssa. For 300 kroner kan me skaffa eit menneske reint vatn resten av livet.

Zambia er eit av landa der Kirkens Nødhjelp er til stades, og hjelper med å redde liv, styrka motstandskraft og sikra rettferd. Det har vore tørke i



Bøsseberarar. VIPPS nr. 2426.



Winnie Milambo og dottera.

heile 2024 i store delar av det sørlege Afrika, Zambia er eit av dei hardast råka landa. Regntida i slutten av 2023 varte berre tre veker, medan det normalt kan regna i fleire månader.

Kirkens Nødhjelp og partnerane deira driv fleire prosjekt med klimasmart landbruk i Zambia. I desse prosjekta har innbyggerane fått auka tilgang på vatn. Dei lærer å dyrka på ein måte som krev lite vatn, og som gjer at dei kan dyrka heile året, også gjennom tørke. Det gir dei mat og inntekter.

Winnie Milambo har dottera på åtte månader i eit sjal på ryggen medan ho haustar mais. Winnie er gift og har seks barn. To gongar i veka kjem ho hit. Ho har òg ein grønsakhage heime, der ho har planta mais.– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel ho. For inntektene har ho kjøpt to geiter. – Når eg får endå fleire geiter, kan eg selje nokre og tene meir pengar. Pengane eg tener går òg til skolepengar for barna mine, og til å kjøpe mat. Det har betydd ei stor endring for meg.

Konfirmantar våren 2025

Sandeid kyrkje

3.5. kl. 11:00
Aksel Stangeland Endresen
Elvira Helgevold Hundseid
Even Vestbø
Jørgen Stueland Larsen
Markus Furseth
Markus Miljeteig Svendsen
Martin Heggebo
Ninni Rørheim
Torill Oddney Stütz
Åmund Byggstøyl Ørke

Vikedal kyrkje

10.5. kl. 11:00
Anita Blikra
Anna Skujina
Eirik Halleraker
Emelinn Hundseid
Lisbeth Bjerga
Rolf Erik Isaksen
Torstein Espevoll
Ådne Hustveit Andreassen

Imsland kyrkje

10.5. kl. 13:00
Silje Iltstad
Åmund Moe Rørtveit

Skjold kyrkje

26.4. kl. 11:00
Ada Tveit-Arianson
Aleksander Brekke
Emma Håkull Haraldseid
Henrik Stople
Irene Sørrhus
Jakob Haugen
Jakob Nesbu
Magnus Voll
Mateo Nesheim-Lindanger
Mira Tjelmeland Hustoft
Simon Nordtveit Vestre

Skjold kyrkje

26.4. kl. 13:00
Arve Sørvold
Emilie Berge Østrem
Emma Strand
Ingeborg Haugen
Ingvald Berentsen
Milla Bauge
Olav Hamre Hjelmeland
Sander Viland Hustoft
Tyra Sinnes
Vida Tveit

Vikebygd kyrkje

3.5. kl. 11:00
Hallvard Øvstedal



Konfirmantar på Bjoa.

Mira Høviskeland Halvorsen
Natalie Dommersnes Vågen

Vats kyrkje

3.5. kl. 13:00
Even Søreide Sandvik
Jakub Dominik Krzyzostanek
Jarl Kalstveit Sjørseike
Johannes Skrunes
Kaja Maddison-Døvik

Laurits Dale
Leonardo Langeland
Oda Emilie Sørrhus
Sofie Gjellestad
Solveig Skjold
Sverre Bakkevoll Vassnes
Tordis Sørrhus
Veslemøy Gregersen

Ølen kyrkje

26.4. kl. 11:00
Anders Vannes Berge
Håkon Kvamen
Lucas Carlsen Augestad
Markus Johan Nedrelid
Mia Østerås Lothe
Olivia Emmelin Lunde
Serine Fjæra
Sunniva Grindheim Fosse
Thomas Nøklund
Viktor Tvedt Haarde
Ådne Steinsland Halsnes

Ølen kyrkje

26.4. kl. 13:00
Celina Sjø Heggebo
Ingrid Marie Klungland
Aaserud
Marielle Servan-Ørke
Mats Aarekol

Oliver Eikesdal Vågen
Sander Hauge Christiansen
Sophia Kolnes Vestreng
Solve-Rene Vigre Lien
Tobias Andersen
Ådne Leknes-Tysse

Ølen kyrkje

27.4. kl. 11:00
Andreas Bjørnevik Berntsen
Annika Tokés Krokå
Brage Roa
Dennis Søndena
Emil Haaland
Emilia Digernes Lothe
Håkon Kleppe Askvik
Joakim Torsen
Kristian Digernes Matre
Leo Berge-Olsen
Matheo Saltvig
Sebastian Søndena Maage
Torbjørn Gunderstad
Vilde Heggen Vestbø
William Yodho Auzbikavicius

Bjoa kyrkje

3.5. kl. 11:00
Adrian Bergsvik Knudsen
Nora Alvseike
Vetle Hetland




Barnas

Fargelegg!

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



Vits:

Har du høyrte om klovn som slutta i jobben fordi alle lo av han?

Hugsar du bibelforteljinga om då Peter ville prøve å gå på vatnet slik som Jesus? Fargelegg biletet av Peter som går på vatnet.



Teikning: Chiara Bertelli

Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N



Gi bladet **Barnas** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Vits:

Ei bekymra snigelmor til barna sine: – Ikkje løp over vegen! Om tre timer kjem bussen!



Minneord om Reidun Fjeldheim

– ei sterkt engasjert misjonskvinne

Tekst og foto: Trygve Sandvik

Det var med stor sorg eg mottok budskapet om at (Anna) Reidun Fjeldheim var død. Laurdag 11. januar sovna ho stille inn i stova si etter ei tid med kreftsjukdom.

Reidun var fødd i 1940 på garden Sundfør i dåverande Skjold kommune. Ho var den andre i syskenflokken på seks og den eldste av dei fire jentene, og ho måtte hjelpa til med arbeidet både ute og inne frå tidlege barneår.

Etter skulegang på to folkehøgskular og seinare industriskule på Stord og noko arbeid i yrkeslivet, vart ho i 1962 gift med Gjert Fjeldheim. Dei stifta familie på Fjeldheimgarden, og her har ho budd resten av livet.

Det er mykje som kan seiast om Reidun. Som kristen har ho vist ei uvanleg stor interesse for misjonsarbeid. Blant alle gjeremåla på garden både ute og inne og med ein mann som hadde arbeid utanom garden, fann ho tid til å engasjera seg både i misjonsarbeid ute og arbeid på Ersland bedehus. Framfor alt stod misjonsarbeidet der det å få vera med å spreia evangeliet om Jesus til andre folkeslag, høgt oppe i prioriteringane hennar. Det må nemnast at kvinneforeiningane for NMS både i Skjold og Vats i 1980-åra tok på seg å skipa til misjonsmesse på Isvik bedehus kvart år i slutten av november. Her var Reidun ei drivande kraft, fyrst og fremst i det praktiske arbeidet.

Då «koronaen» kom, vart det litt brems i arbeidet, men pengeinnsamlinga heldt fram om enn i ei litt anna form. Etter året 2022 var det ikkje noko interesse for at samarbeidet på Isvik bedehus skulle halda fram. Dette fall tungt for brystet for Reidun. Ho fekk med seg nokre damer frå Skjold, og heldt fram med misjonskafé/messe frå Ersland bedehus.

Sist haust var det inga stemning for å laga til noko julemesse på bedehuset, men Reidun gav ikkje opp. Då skjedde det som viser misjonsengasjementet hennar. I ein alder av åttifire og eit halvt år og med kreftsjukdom i kroppen, tek ho «skeia i si eiga hand» og lagar til «messe» i huset sitt på Fjeldheim. Døtrene hennar og fleire andre hjelpte til, og huset på Fjeldheim vart denne dagen ei utsalsbu for lefser og potetkaker der folk kom innom for å handla. Alt føregjekk slik ho hadde planlagt, og ein fin pengesum kunne sendast til misjonen.

Det som er skrive ovanfor, seier utruleg mykje om pågangsmotet og stå-på-viljen til Reidun, men det kan nemnast meir. På Ersland bedehus var ho alltid sjølvskreven når det galdt å ta på seg ansvar for matkomité og mange andre praktiske oppgåver. Ho var også med i bedehusstyret i årevis.

På slutten av 90 - åra vart det laga til Misjonskafé ein dag rundt påske-tider på bedehuset. Dette tiltaket var det Reidun som var initiativtakar til. Dette vart ei årviss misjonsinnsamling lang tid framover.

Stemnestaden i Grinde fekk også nytta godt av Reidun si hjelpande hand. Ho var god å ta til , og på NMS gjenbruk i Haugesund stod ho på lista over folk som kunne spørjast.

Reidun nytta tida si godt. Sjølv om ho ikkje gjekk og spøta, hadde ho alltid eit spøt med seg, og sjeldan såg du henne sitja utan at spøtet var i hendene hennar. Mange er dei som har nytt godt av arbeidet hennar.

Når ein skal seia noko om korleis Reidun var i det daglege livet, kjem



Reidun Fjeldheim, foto T. Sandvik.

ein ikkje utanom det gode humøret ho hadde. Der ho var til stades var det ofte «lått og løye», og ho var triveleg å vera saman med.

Dessutan hadde ho ein god eigenskap. Ho var «ikkje syten». Som nemnt tok ho på seg mange oppgåver, og heilt til det siste var ho leiar for pensjonistlaget i Skjold.

Ein kan ikkje nemna Reidun utan å ta med familie og slekt. Saman med Gjert fekk ho 5 born som alle har stifta familie. Gjert døydd i 2014, og dette var eit tungt slag for henne. Men heldigvis har ho dei fleste borna og barnebarna i nærleiken slik at det lindra noko på saknet.

Heimen på Fjeldheim var ein gjestfri heim, og her har storfamilien ofte vore samla i tillegg til dei mange som gjennom åra har funne vegen til denne plassen. Og Reidun har smilande diska opp med velsmakande og for det meste heimelaga mat.

Som syskenbarn og nær ven vil eg få takka for alle dei gode minna etter Reidun, og eg vil få lysa fred over det gode minnet hennar.

Minneord om Anna Kvitno Dagsland

Av Terje Fjeldheim, Aksdal

Med stor takksemd og djup respekt minnest me Anna Kvitno Dagsland, ei kvinne som sette djupe spor etter seg gjennom sitt rike liv.

Anna vart født på Hommersåk i 1949, men familien flytta til Klepp då Anna var 8 år, der faren dreiv butikk i mange år. Anna var ein trufast hjelper i butikken, og alt som ung viste ho den arbeidviltjen og omsorga som skulle prega heile livet hennar.

Etter skulegang på Klepp gjekk Anna eit år på Solborg Folkehøgskule. Deretter reiste ho til Lyngdal der ho arbeidde som kjøkenhjelp på jordbruksskolen. Her møtte ho Asbjørn Dagsland som ho i 1970 gifta seg med. Ei kort tid etter flytta dei til Vestre i Skjold der dei overtok garden til ein onkel av Asbjørn.

Anna og Asbjørn skapte ein heim fylt med kjærleik, arbeidsglede og tru. Dei fekk 5 born, men livet tok ei brå vending då Asbjørn døydd i 2000. Som enkje kom Anna seg gjennom denne tida med stor tru og engasjement.

Anna var eit førebilete for mange

som arbeidar i det frivillige arbeidet. Innsatsen hennar for bygdekvinnelaget, bedehuset, kyrkja og fleire misjonsorganisasjonar gjorde ein skilnad for mange. Kristentrua var alltid leiarstjerna, og varmen og iveren hennar smitta over på dei som møtte henne.

Det må nemnast at på Ersland bedehus engasjerte Anna seg i det som føregjekk alt frå å vera leiar i styret til å ta seg av det praktiske arbeidet i samband med møte og samkomer. Ho var ikkje redd for å ta på seg ansvar, og ho var alltid ei som ein kunne spørja når det trongst.

Som enkje tok Anna vidareutdanning som omsorgsarbeidar, og ho arbeidde i omsorgssektoren resten av det yrkesaktive livet sitt. Det frivillige arbeidet heldt ho fram med. Ho hadde ein god replikk og glimt i auga.

I 2008 gifta Anna seg på nytt, og saman fekk ho og Olav Vagle frå Sandnes 17 gode år.



Anna Kvitno Dagsland (foto privat).

Anna var ei kvinne med eit stort hjarta, og ho vart ikkje trøyt av å engasjera seg. Ho levde eit liv i omsorg og arbeid for andre, alltid med familien og fellesskapet i sentrum.

Ho døydd 12.12.24 og vart gravlagt frå Skjold kyrkje 20.12.24 med stor deltaking.

Som venner takkar Marta og eg for alle dei gode minna me har delt med Anna. Minna ber me med oss i takksemd. Kvil i fred, kjære Anna.

Vikebygd bedehus Betlehem

Av Kjersti Hausberg Bjerga

Rett før jul rauk varmepumpa på bedehuset i Vikebygd. Ho hadde gjort nytte i mange år, men då var det stopp. Heldigvis er dei gamle panelomnane ennå på veggane, og held temperaturen stabilt slik at hus og inventar ikkje tek skade.

Styret vedtok at det vert kjøpt og monterert ei ny varmepumpe. For å finansiera denne er det er blitt oppretta ein «Spleis». I skrivande stund (januar) er snart halvparten av målet på 35 000kr (estimert utgift for ny varmepumpe inkl. montering), kome

inn, -og det på under ei veke. Det er fantastisk! Ein stor takk til alle gjevarar! Når Hyrdingen kjem ut til deg som les, er nok heile summen på plass. Men skulle det vera nokon som vil gje ei gåve til bedehuset, er kontonummeret 3243 05 06683 og Vippsnr 648579.

På grunn av mangel på varme, har det ikkje vore aktivitet/samlingar på bedehuset i januar, og det vert truleg ikkje samlingar i februar heller. Sjå godt etter kunngjeringar og plakatar. Mellom anna på den nye facebook-sida til bedehuset. Her kjem det etter kvart informasjon om kva som skjer



Foto S.Skartland.

på huset, korleis du kan leige det til for eksempel selskap eller minnemøte.

Ein viktig dato: Laurdag 22.mars kl.15.00 vert det årsmøte og basar. Middag- og loddsal den fyrste timen, så andakt og årsmøte for trekking på årer og loddbok. Styret ynskjer alle hjarteleg velkomne!

Misjonsprosjekt i Kenya

Margunn og Egil Stømme, som bur i Skjold til vanleg, arbeider nå på Den norske skulen i Nairobi, Kenya. Dei er med på å gje born av norske misjonærar og born frå andre kulturar med tilknytning til Noreg, ein trygg og god skulevardag. Saman med kollegaer frå Misjonssambandet, som arbeider med vatn-,

helse- og hygiene, alfabetisering, styrking av born og kvinner sine rettigheter, teologisk utdanning og evangelisering, er dei med på å styrke menneska sine livsvilkår og gjera evangeliet kjent mellom fleire ulike folkegrupper i Kenya. Soknerådet for Skjold, Vats og Vikebygd har dette som sitt misjonsprosjekt.



Elefantar i nasjonalparken i Tsavo.

Reisebrev frå familien (Lygre) Strømme

Av fam. Strømme i Kenya

Familien (Lygre) Strømme, som for tida bur og arbeidar i Kenya, sende oss følgjande reisebrev hausten 2024, der dei fortel om kvardagen og arbeidet sitt:

– Livet vårt i Kenya er veldig ulikt livet i Noreg: Me har hushjelp (og sysselset dermed ei kjekk dame som elles ikkje hadde fått jobb!), me køyrer på venstre side av vegen, ungene går i shorts stort sett kvar dag, maten er annleis, me har 10 min køyretur før me er i Nasjonalparken dersom me vil sjå løver, me bur på 1800 moh, det blir mørkt rundt kl. 19.00 heile året, me må hugsa å lukka dørene til huset slik at apekattane ikkje kjem inn og det er heilt vanleg å fanga gekkoar på ettermiddagstid.



Olavug Bollestad på besøk. Ho klypper snora på det nyrestaurerte og nyopna NCS-biblioteket.

Mamma Margunn er lærar og arbeidar på Norwegian Community School, forkorta NCS. Det er Misjonssambandet som eig og driv skulen. Skulen føl norsk læreplan og timetal. Tidlegare var det stort sett barn av norske misjonærar som gjekk på skulen, men no er det ei samansett

elevgruppe med elevar med mor eller far frå Noreg og den andre forelderen frå Kenya, elevar med bakgrunn frå Etiopia, Somalia, Uganda og sjølv-sagt frå Noreg. No er elevflokket på skulen ein fin gjeng på 40 elevar. Skulen er fullteikna, og det er fleire elevar på ventelista. Pappa Egil arbeidar som assistent på skulen.



Damer i sving med veske-fletting. Dei er veldig populære i Noreg og går under namnet Life Bags. Alle pengane går direkte til dei flinke damene (som verkeleg treng pengane...)



Strømme og to gode vener på Mount Longonot som er eit vulkanfjell i ein naboby.



Filip, Margunn og kompis Jakob på kamelryggen på 17. mai.



Heile skulen klar for Knirken-løpet (5 km løp som skulen arrangerer kvar vår).

Jobben som lærar på NCS er som andre lærarjobbar: å driva god undervisning og byggja gode relasjonar. Sidan me er ein såpass liten skule, har me gode moglegheiter for mange utflukter og arrangement. Høgdepunktet for våre eigne ungar dette skuleåret var leirskule med heile skulen (og foreldre) til kysten av Kenya på «all inclusive-hotell» ei lita veke. Då var det symjing som stod i fokus heile veka. Det er også enkelt å ha aktivitetar og undervisning ute då veret som regel er på vår side. I løpet av eit skuleår har me ganske mange arrangement der foreldra/familien er invitert, t.d. idrettsdag, innsamlingsdag, jul- og sommaravslutning, løp osv. **Vårt mål er å vera gode vitne for Jesus gjennom handlingane våre som gode rollemodellar i livet til elevane våre.**

Me har i løpet av året sett mange spanande dyr, som t.d. løve, sjiraff, flodhest, sebra, elefant osv. Me har fått reist litt og besøkt både Masai-landsby, vore på vulkanfjell, vore på båttur på flodhest-innsjø, vitja barneheimar og ulike slum-område, vore i ulike kyrkjer, vore sydenturistar på kysten av Kenya og vore på safari.

Dei vaksne har slite seg gjennom swahili-timar (med mellom anna 2 vekers intensivt kurs i Tanzania). Tvilningane Samuel og Jonatan (10 år) har 1 time swahili-undervisning kvar fredag, medan minstemann Filip (5 år) lærer mest engelsk av hushjelpa. Me er alle glade for at dei aller fleste i Kenya snakkar godt engelsk...

Innimellom alt det spanande Afrika byr på, har me heilt vanlege kvar-

dagar med komle til middag, lekser i full fres for å rekkja fotballtrening, og bibelgruppe for dei vaksne på kvelden. Me er heldige som bur på eit område med fleire norske familiar, så både store og små har gode vener i hinke-avstand frå vårt eige hus. No gler me oss over å vera i gong med eit nytt skuleår på ein stad der me kjenner oss heime og der ikkje alt lenger er heilt nytt! Hakuna matata.

Venleg helsing
fam. Strømme i Kenya

«Sammen» – eit jubileumstema om nestekjærleik

Tekst/foto: Ingrid M. Sørvåg

I 2025 feirar Stavanger bispedømme, Stavanger domkyrkje og Stavanger by 900 år. Sidan 1125 har det blitt feira gudstenester, lyst velsigningar, bede og sunge i Rogaland. Kva har dette betydd? Kyrkja og kristne har brydd seg om medmenneske og engasjert seg i samfunnet. Kva og kven hadde me vore utan dette?

«Sammen» er ei hovudsatsing i kyrkja si feiring av 900-års jubileet. Målet er å løfta fram verdien av å sjå kvarandre som medmenneske og å vera saman. Saman skal me byggja fellesskap og identitet.

Bakgrunnen for denne overskrifta er at ein har definert innhald og utforming av «diakoni» som hovudtema for jubileet. Målet skal vera at «Folk i Rogaland forstår seg selv som medmennesker som deler Guds kjærlighet gjennom nestekjærlighet og likeverd der de er».

Me treng kvarandre både som enkeltmenneske og som samfunn, og me treng alle å bli møtt som medmenneske. Omgrepet «sammen» går igjen i desse tre stikkord for Stavanger 2025:

Opphav: Gjennom historia har Domkyrkja og kyrkjene i bispedømmet brakt menneske saman og har vore sentrale samlingspunkt i bygd og by i 900 år.

Samspel: Me er saman i kvardagen og viser nestekjærleik og omsorg for kvarandre der me er i notida.

Omslag: Framover ønsker me å veksa og modnast saman. Me vil opne kyrkja for feiring og fellesskap i endå større grad.

For å nå dette målet blir det mellom



Stafettbåten var ei veke i Skjold kyrkje i september.

anna viktig å fortelja om kyrkja sitt sosiale engasjement i historie og notid, og å visa kva kyrkja og institusjonane betyr i samfunnet. «Saman» skal inspirera til å vera kyrkje i og for verda i dag: å halda fram med og også fornya det sosiale engasjementet i kyrkja.

Starten på markeringa av jubileet var å senda ein stafettpinne, rettare sagt ein stafettbåt, rundt i heile bispedømmet. Båten er ein robåt på 4,8 meter med segl, og båten var rundt ei veke i kvart av dei sokna som fekk besøk. Her i Vindafjord hadde me besøk av kyrkjebåten i september, og alle sokna sette sitt «segl» på seglet. Båt har vore eit viktig framkomstmiddel

del i Rogaland, anten ein skulle til kyrkje til gudsteneste, gravferd eller bryllaup. Det er også knytt mange symbol til båten nettopp i kyrkja.

Sjølv om jubileet har utgangspunkt i Stavanger og domkyrkjeplassen, vil det også merkast i Nordfylket. 7.-9. februar markerer Haugaland prosti jubileet, med festgudsteneste i Vår Frelsers kirke kor heile prostiet er inviterte. Dei ulike sokna er oppfordra til å ha sine markeringar utover i året, og i pinsehelga 6.-8. juni kan me seia 900x hurra og delta på mange arrangement i Stavanger by. Det blir stor jubileumsgudsteneste i domkyrkja 1.pinsedag, med mykje song og musikk.



Eit «segl» frå kvart av kyrkjesokna.

Ei bøn dei fleste kan be

Av Ingrid M. Sørvåg

Dette er ikkje ei bøn eg har laga sjølv, men som har sirkulert på diverse nettsider gjennom hausten. Pater Pollestad fortel at det er ei nonne på 1700-talet som har laga bønna. Me er nok mange som kan nikka til orda frå nonna. I den katolske bønneboka blir bønna kalla: «En bønn de fleste kan be»:

«Herre, du veit betre enn meg sjølv at eg blir eldre og at ein vakker dag er eg blitt gammal. Fri meg frå den ulykksalige uvanen å tru at eg for einkvar pris må uttala meg ved einkvar anledning og om eitkvart emne.

Frigjer meg frå trongen til å ordna opp i andre sine saker. Gjer meg omtentksam, men ikkje lunefull, hjelpsam, men ikkje påtrengjande. Eg synes det er synd å la vera å dela min uhyre visdom med andre, men du veit, Herre, at eg gjerne vil behalda nokre få vener.

Frigjer meg frå trongen til å koma med endelause utgreingar; gi tanken min vengjer, slik at eg kan koma til saka. Forsegl mine lepper om alle mine plager og skavankar. Dei aukar stadig, og det gjer også gleda ved å fortelja om dei for andre.



Bønn foran lysglobe. Foto: Ole Henrik Kongsvik.

Eg tør ikkje be om så stor ein nåde at eg skulle kunna finna oppbygging i å høyra på andre sine lidingshistorier, men gje meg i alle fall tolmod til å uthalda dei. Heller ikkje tør eg be om ein betre hukommelse, men gjer meg meir audmjuk og mindre skråsikker når min hukommelse kjem i konflikt med andre sin.

Gje med den uvurderlege innsikt at det kan tenkjast at eg av og til tar feil. La meg få vera forholdsvis

omgjengeleg. Ikkje så at eg ønskjer å vera nokon helgen – dei helgenar eg kjenne, er temmeleg vanskelege å omgåast, men sure gamle menneske er eit av djevelen sine meisterstykke.

Gje meg evna til å sjå gode ting på uventa stader og talent i uventa menneskje. Og gje meg, Herre, den nådegåve å kunne fortelja dei det. Amen.»

FRÅ KYRKJEBOKA

BJOJA

Døpte:

01.12.2024 Ada Tveit-Arianson

ØLEN

Døpte:

08.12.2024 Selma Habbestad
12.01.2025 Sofie Risøy

Gravlagt:

17.12.2024 Gunnbjørg Oddveig Mosdal f. 1944
20.12.2024 Martin Magne Berge f. 1935
03.01.2025 Jostein Tufte f. 1971

VIKEDAL

Døpte:

20.10.2024 Ester Skipevåg Lillemo
20.10.2024 Øyvind Eikeland Rønnevik
15.12.2024 Sigrud Rørtveit Dahlberg

Gravlagt:

07.01.2025 Rolf Bjørnsen f. 1952

SANDEID

Døpte:

27.10.2024 Hennie Klungland Helgevold
27.10.2024 Mia Kjellesvik Vaka
03.11.2024 Amelia Berge Kaldheim
01.12.2024 Teleah Karin Simlenes
01.12.2024 Henrik Vestbø
26.01.2025 Viljar Lærdal
26.01.2025 Magnus Hovland Skeie

Gravlagt:

13.12.2024 Anne Marie Oftedal f. 1955
10.01.2025 Osmund Larsen f. 1936

VATS

Døpte:

25.12.2024 Ada Meling Van Oosterhout
12.01.2025 Vilde Sørbotten
12.01.2025 Solveig Kambe

IMSLAND

Gravlagt:

22.11.2024 Jan Ilstveit Nordtveit f. 1960

SKJOLD

Døpte:

24.11.2024 Alise Mortveit Sundfør
24.11.2024 Synne Indreland
24.11.2024 Oline Søyland Stokland
24.11.2024 Mia Victoria Gaoat Skjold
15.12.2024 Felix Blikra Heggen
19.01.2025 Ingvald Øvrevik Frøyland

Gravlagt:

12.12.2024 Anna Kvitno Dagsland f. 1949
17.01.2025 Anna Reidun Fjeldheim f. 1940
18.01.2025 Hanna Alida Meland f. 1923



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Vi er en del av **NLMVGS**

GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Ølen Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær



KIRKENS SOS

- Å gjøre en forskjell for andre føles godt.
Frivillig i Kirkens SOS

Vi trenger flere frivillige.
Bli en av oss.

kirkens-sos.no/frivillig

Kirkens SOS

Kirkens SOS er ei sjølvmoedsførebbyggjande kriseteneste som kan kontaktast anonymt. Nokre treng eit medmenneske å snakke med, andre har tankar om å ta sitt eige liv. Oppdraget vårt er å fremje livsmot og håp for menneske i krise gjennom å sjå,

støtte og styrke den som tar kontakt.

Akkurat nå er det menneskje rundt oss som har det vondt, kanskje utan at vi ser det. Einsemd og psykiske utfordringar er vanlege i Norge. Fleire tusen tenkjer kvart år at livet ikkje lenger er verd å leve. Mange ringer SOS-telefonen 22 40 00 40 for hjelp.

Dei møter frivillige som ofrar tid og nattesøvn for å gje livsmot og håp. Di støtte vil bidra til at det alltid kan vere eit medmenneske å snakke med når livet er vanskeleg. Pågangen på krisetenestene er større enn vi maktar å handtere, derfor rekrutterer vi nå både frivillige til å svare på henvendelsane og vi søker gjevvarar som kan vere med å støtte arbeidet økonomisk.

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 Sør-Norge

Haugesund Sparebank

joker

Vikebygd Landhandel AS
Tlf. 53 76 91 69 - joker.vikebygd@joker.no

Ølen Betong
Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Ølen auto

tsrevisjon
Karmsundsgata 4 – 4250 Kopervik

GRANBERG GARVERI AS
Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
16/02/	Ølen kyrkje	11:00	Misjonsgudsteneste, Takkoffer: NMS	Matt 13,24-30
16/02/	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Bibelselskapet	Matt 13,24-30
16/02/	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkeoffer: Kirkens SOS	Matt 13,24-30
16/02/	Imsland kyrkje	13:00	Gudsteneste Takkoffer	Matt 13,24-30
23/02/	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Stefanusalliansen	Luk 9,28-36
02/03/	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 18,31-34
02/03/	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer	Luk 18,31-34
09/03/	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Hyrdingen	Matt 26,36-45
09/03/	Vikebygd kyrkje	11:00	Familiegudsteneste Skattejakt. Takkoffer: Trusopplæringsarbeid	Matt 26,36-45
09/03/	Sandeid kyrkje	11:00	Familiegudsteneste Skattejakt. Takkoffer: Trusopplæringsarbeid	Matt 26,36-45
16/03/	Skjold kyrkje	11:00	Familiegudsteneste Skattejakt. Takkoffer: Trusopplæringsarbeid	Luk 13,22-30
16/03/	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste Skattejakt for 2.kl. Takkoffer: Trusoppl. arbeid. +Årsmøte etter gudstenesta!	Luk 13,22-30
16/03/	Vikedal kyrkje	11:00	Familiegudsteneste Supersong. Takkoffer	Luk 13,22-30
16/03/	Vats kyrkje	13:00	Familiegudsteneste Skattejakt Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Luk 13,22-30
19/03/	Skjold kyrkje	18:00	Felles samtalegudsteneste: Skjold, Vats, Vikebygd	Luk 13,22-30
30/03/	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 22,28-34
30/03/	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: KFUK/M Speidarane	Luk 22,28-34
30/03/	Ølen kyrkje	18:00	Gudsteneste Ung Messe med konfirmantane Takkoffer: Brandøy	Luk 22,28-34
06/04/	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjektet	Joh 6,24-36
06/04/	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer	Joh 6,24-36
13/04/	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Joh 12,1-13
13/04/	Imsland kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer	Joh 12,1-13
17/04/	Sandeid kyrkje	18:00	Gudsteneste Takkoffer: Misjonsalliansen	Joh 13,1-17
17/04/	Bjoa kyrkje	18:00	Kveldsgudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 13,1-17
17/04/	Vats kyrkje	18:00	Kveldsgudsteneste Takkoffer: Hyrdingen	Joh 13,1-17
18/04/	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 22,39-23,46
18/04/	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer	Luk 22,39-23,46
20/04/	Skjold kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste Takkoffer: Det norske Misjonsselskap	Joh 20,1-10
20/04/	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjekt Thailand	Joh 20,1-10
24/04/	Vikedal kyrkje	18:00	Samtalegudsteneste Takkoffer	Joh 20,1-10
26/04/	Skjold kyrkje	11:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 20,1-10
26/04/	Ølen kyrkje	11:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 20,1-10
26/04/	Ølen kyrkje	13:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 20,1-10
26/04/	Skjold kyrkje	13:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 20,1-10
27/04/	Ølen kyrkje	11:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 20,24-31
03/05/	Bjoa kyrkje	11:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 20,24-31
03/05/	Sandeid kyrkje	11:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer: Konfirmasjonsarbeidet	Joh 20,24-31
03/05/	Vikebygd kyrkje	11:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 20,24-31
03/05/	Vats kyrkje	13:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 20,24-31
04/05/	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Blå Kors	Mark 6,30-44
10/05/	Vikedal kyrkje	11:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer	Mark 6,30-44
10/05/	Imsland kyrkje	13:00	KonfirmasjonsGudsteneste Takkoffer	Mark 6,30-44
11/05/	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Kirkens SOS	Joh 14,1-11
17/05/	Vats kyrkje	10:00	Gudsteneste Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 17,11-19
17/05/	Vikebygd kyrkje	10:00	Gudsteneste Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 17,11-19
17/05/	Imsland kyrkje	10:00	Familiegudsteneste Takkoffer	Luk 17,11-19
17/05/	Bjoa kyrkje	10:30	Gudsteneste Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 17,11-19
17/05/	Vikedal kyrkje	11:00	Familiegudsteneste Takkoffer	Luk 17,11-19
17/05/	Skjold kyrkje	11:30	Familiegudsteneste Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 17,11-19
17/05/	Ølen kyrkje	12:00	Gudsteneste Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 17,11-19
17/05/	Sandeid kyrkje	12:00	Familiegudsteneste Takkoffer: Redd Barna	Luk 17,11-19
25/05/	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 6,7-13
25/05/	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Diakoniarbeid	Matt 6,7-13
01/06/	Refsnes, Vats	11:00	Friluftsgudsteneste Speiarar er med. Takkoffer: KFUM/K Global	Joh 16,12-15
01/06/	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste Takkoffer: Sjømannskirken	Joh 16,12-15
01/06/	Bjoa kyrkje	13:00	Gudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjekt Thailand	Joh 16,12-15

Vågen bedehus

vaagenbedehus.no

16.02.	søndag	19.30	Årsmøte Vågen bedehusforsamling
23.02.	søndag	11.00	Storsamling med Awana sønd.skule. Dåp. Tale: Torleiv Åreskjold
09.03.	søndag	11.00	Storsamling med Awana sønd.skule. Nattverd Tale: Lars Stensland (NLM)
16.03.	søndag	19.30	Kveldssamling Tale: Torstein Barlaup (NLM)
22.03.	laurdag	15.00	Basar, Indremisjonsforeininga (IMS)
23.03.	søndag	11.00	Storsamling med Awana sønd.skule Tale: Eirik Stensland (IMS)
28.-30.03.	fre.-søn- dag		Forsamlingsweekend på Solgry misjonssenter Kari Synnøve og Morten Nord-Varhaug blir med.
06.04.	søndag	11.00	Storsamling med Awana sønd.skule
06.04.	søndag	19.30	Konsert: Hjartesong Sveinung Hølmebakk
17.04.	torsdag	19.30	Skjærtorsd.Kveldssamling med nattverd Opningsord: Torleiv Åreskjold
20.04.	søndag	11.00	1. påsked.Høgtidssamling med Awana sønd.skole Tale: Preben Solvang (NLM)
04.05.	søndag	11.00	Storsamling med Awana sønd.skule Tale: Kåre Johan Hamre (IMS)
11.05.	søndag	19.30	Kveldssamling Tale: Karl Einar Tvedt
18.05.	søndag	11.00	Storsamling med Awana sønd.skule. Nattverd Tale: Preben Solvang (NLM)
01.06.	søndag	11.00	Familiesamling

Bjoa bedehus

17.02.	måndag	18.30	Sosial samling
19.02.	onsdag	19.00	Møte ved Godt Nytt (Berner Solås)
20.02.	torsdag	11.00	Føremiddagstreff
24.02.	måndag	18.30	Bønnemøte
03.03.	måndag	18.30	Bønn- og nattverdsmøte
10.03.	måndag	18.30	Bønnemøte
17.03.	måndag	18.30	Sosial samling
20.03.	torsdag	11.00	Føremiddagstreff
24.03.	måndag	18.30	Bønnemøte
31.03.	måndag	18.30	Bønnemøte
05.04.	laurdag		Møte/seminar ved Mikael Lewin
07.04.	måndag	18.30	Bønn- og nattverdsmøte
10.04.	torsdag	18.00	Basar
14.04.	måndag	18.30	Bønnemøte
24.04.	torsdag	11.00	Føremiddagstreff
28.04.	måndag	18.30	Bønnemøte
05.05.	måndag	18.30	Bønn- og nattverdsmøte
12.05.	måndag	18.30	Bønnemøte
19.05.	måndag	18.30	Sosial samling
22.05.	torsdag	11.00	Føremiddagstreff
26.05.	måndag	18.30	Bønnemøte
02.06.	måndag	18.30	Bønn- og nattverdsmøte

Bibelstudie og bønn kvar onsdag kl. 11.00.

Credo, fredag kl. 18.00 den: 28.2.; 14.3.; 28.3.; 11.4.; 25.4.; 9.5.; 23.5.

Mini-Credo, tysdag kl. 17.30 den: 18.2.; 4.3.; 1.4.; 22.04.

Retting

På side 10 i førre utgåve omtala vi Skjold kyrkjebileum og vi seier oss leie for at det der kom inn ein feil som vi her vil korrigerer: Svein O. Vik fortel at byggjeleiar og prosjektleiar var sivilingeniør Kjell Ekornrud frå Procon as. Engasjert Arkitekt for kyrkjebygget var Arkitekt Nils Vikanes. Begge engasjert / innleigde av plan og byggjekomiteen. Svein O. Vik var formann og leiar av plan- og byggjekomite, vald av Vindafjord Kommunestyre.

ARKEN bedehus i Vats

Sjå kalenderen på: www.arken-vats.no

12.02.	onsdag	19.00	Onsdagsmøte: NLM
13.02.	torsdag	19.00	Bygdakveld
16.02.	søndag	17.00	Familiemøte
20.02.	torsdag	18.00	Bønnemøte. Chosen kl. 19.00
21.02.	fredag	19.30	Feedback
26.02.	onsdag	19.00	Onsdagsmøte: Åpne dører
02.03.	måndag	19.00	Når me kjem saman
05.03.	onsdag	19.00	Onsdagsmøte: NMS
06.03.	torsdag	18.00	Bønnemøte. Chosen kl. 19.00
11.03.	tirsdag	18.30	Speidarbasar
13.03.	torsdag	19.00	"Ein kveld med kveldsbøner"
16.03.	søndag	17.00	Møte
19.03.	onsdag	19.00	Onsdagsmøte: Normisjon
20.03.	torsdag	18.00	Bønnemøte. Chosen kl. 19.00
21.03.	fredag	19.30	Feedback
26.03.	onsdag	19.00	Onsdagsmøte: Sarepta
28.03.	fredag	19.30	Feedback
29.03.	laurdag	15.00	Vårbasar
03.04.	torsdag	18.00	Bønnemøte. Chosen kl. 19.00
04.04.	fredag	19.30	Feedback
05.04.	laurdag	17.00	Årsmøte i DISM
05.04.	laurdag	19.00	Loftet
06.04.	søndag	19.00	Når me kjem saman
09.04.	onsdag	19.00	Onsdagsmøte: Godt Nytt
18.04.	Langfredag		Vats kyrkje - via Dolorosa
30.04.	onsdag	19.00	Onsdagsmøte: NLM
02.05.	torsdag	18.00	Bønnemøte. Chosen kl. 19.00
07.05.	onsdag	19.00	Onsdagsmøte: Normisjon
21.05.	onsdag	19.00	Onsdagsmøte: DISM

Mannskoret øver på Arken kl. 19.30 flg. måndagar: 24.02.; 10.03. og 24.03.

Chosen – på Arken

Oppstart av opplegget «Chosen» torsdag 6. februar og fast annankvar torsdag fram til 2. mai, kl. 19.00, etter bønnemøtet. Dvs.: 20.2.; 6.3.; 20.3.; 3.4. og 2.5.

Bibelundervisning – Arken

Det vil bli arrangert undervisning annan kvar tysdag kl. 19.30.

Oppstart 25. mars fram til 20.mai, dvs.:25.3.; 8.4.; 22.4.; 6.5. og 20.5.

Brandøy Misjons- og konferansesenter

Leirar på Brandøy vår/sommar 2025:

- 14.-16. februar: Damehelg, for damer i alle aldrar
- 21.-23. februar: Brandøytreff, leir tilrettelagt for vaksne med funksjonsnedsetting
- 7.-9. mars: Juniorhelg, for 4-9 år med følge
- 14.-16. mars: Tweens-weekend, for 5.-7. klasse
- 4.-5. april: Dugnadshelg for heile familien
- 11.-15. april: Påskefestival for 8. klasse ++

Kyrkjetunet i Ølen

Sjå aktivitetar i kalenderen og meir informasjon på: www.kyrkjetunet.no

15.02.	laurdag	11.00	Bibelhelg NMS med Roar Vik
19.02.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 6
05.03.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 7
06.03.	torsdag	11.00-13.00	Torsdagstreff
09.03.	søndag	19:30	Søndagsmøte med Roar Flackè frå Normisjon
12.03.	onsdag	19.00	ÅRSMØTE 2024 - Kyrkjetunet
13.03.	torsdag	19.00	Kenyakveld NSP Aid
19.03.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 8
03.04.	torsdag	11.00-13.00	Torsdagstreff
06.04.	søndag	19.30	Søndagsmøte med Olav Eikemo frå IMS
10.04.	torsdag	19.00	Fellesforum NMS
08.05.	torsdag	11.00-13.00	Torsdagstreff
05.06.	torsdag	11.00-13.00	Torsdagstreff

Torsdagstreff vert arrangert av diakonitval og sokneråd. Pris kr. 100.

Vindafjord Soul Kids (5–10 år) har øvingar annakvar torsdag kl. 17:30

Vindafjord Soul Children (5.–10. kl.) har øvingar annakvar torsdag kl. 18.30

Bønnemøte kvar tirsdag kl. 19:00

Misjonshelg på Kyrkjetunet 15.–16. februar

Roar Vik talar over temaet «Du, Herre, er mi tilflukt» (Salme 91,9).

Laurdag 15. kl. 11 - 13: Bibeltimar

Laurdag 15. kl. 18: «Misjonsselskap»

Søndag 16. kl. 11: Misjonsgudsteneste i Ølen kyrkje



- 28. april-1. mai: Vårtreff for 60 +
- 13.-15. juni: Sommarminleir for 2.-4. klasse
- 20.-22. juni: IMS Sommarfest, for alle!
- 27.-29. juni: Sommarleir, for 5.-7. klasse
- 2.-6. juli: Familieleir, for alle

Påmelding hos: <https://indremisjonssamskipnaden.no/leirar/>

Bedehusa i Skjold

16.02.	sundag	19.00	Isvik: Lovsongskveld
18.02.	tysdag	19.00	Isvik: NMS Misjonsselskapet
19.02.	onsdag	19.00	Ersland: Årsmøte
20.02.	torsdag	19.00	Ersland: Bønnemøte
27.02.	torsdag	16.00	Skjold kyrkje: 60+ (kl. 16.00-18.00)
04.03.	tysdag	19.00	Austrheim: Israelsmisjonen
06.03.	torsdag	19.00	Isvik: Basar / Årsmøte
10.03.	måndag	19.00	Ersland: Yngres
13.03.	torsdag	19.00	Ersland: Bønnemøte
18.03.	tysdag	19.00	Ersland: Normisjon
24.03.	måndag	19.00	Ersland: Yngres
25.03.	tysdag	19.00	Isvik: Samemisjonen
01.04.	tysdag	19.00	Isvik: Lys over Land
09.04.	onsdag	18.00	Ersland: Yngresbasar
11.04.	fredag	19.00	Austrheim: Israel - sabbatsmåltid
24.04.	torsdag	16.00	Skjold Kyrkje: 60+
24.04.	torsdag	19.00	Ersland: Bønnemøte
29.04.	tysdag	19.00	Ersland: Flymisjonen
06.05.	tysdag	19.00	Ersland: NMS Misjonsselsk.
20.05.	tysdag	19.00	Isvik: Opne Dører
27.05.	tysdag	19.00	Austrheim: Indre Sjømannsmisj.
29.05.	torsdag	19.00	Stemnestaden – Kr. Himmelfart:
23.06.	måndag	19.00	Austrheim: St. Hansfeiring.

Øvre Vats bedehus

14.02.	fredag	19.00	Møte med Lys over Lans. Fiskågutane blir med.
19.02.	onsdag	19.00	"Møte med DISM. Årsmøte etter møte "
27.02.	torsdag	19.00	Bygdakveld, Olav Eikemo fortel frå Eikemo.
04.03.	tirsdag	11.00-13.00	Føremiddagstreff
12.03.	onsdag	19.00	Møte med Samemisjonen.
01.04.	tirsdag	11.00-13.00	Føremiddagstreff
02.04.	onsdag	19.00	Møte med LYS over Land
23.04.	onsdag	19.00	Møte med Godt Nytt
06.05.	tirsdag	11.00-13.00	Føremiddagstreff
21.05.	onsdag	19.00	Møte med DISM.

Bygdakveld

Øvre Vats

Torsdag 27. februar vert det skipa til bygdakveld på Øvre Vats bedehus. Olav Eikemo held foredrag og viser bilete der temaet vert: «Da goda livet i fjellbygda Eikemo i gamle dagar». Dette er det same opplegget han hadde på Åkrarfjordtunet i haust, og som samla mykje folk. Det vert servert betasuppe og noko attåt. Alle er velkomne til ein triveleg kveld. Kollekt til bedehuset. Arr. Bedehusstyret



Årsfest for Skjold, Vats og Vikebygd

Sundag 9.mars kl.18 Årsfest for Skjold, Vats og Vikebygd sokn i Arken, Vats. God mat og kjekt program, årsmøtesaker.

Trusopplæringsprisen

Av Steinar Skartland og Britt Karstensen

FUT (Felles Utval for Trusopplæring) har for vane å overraske. Søndag 1. desember vart ei flott gudsteneste på Bjoa der både konfirmantar og barneklubben Mini-Credo deltok. Lite visste dei at nokon skulle heidrast og takkast spesielt denne dagen.

Midt i Gudstenesta tok kateket Britt Karstensen ordet:

– Tenk dåke, viss ingen hadde tatt imot ein stafettpinne? Kossen hadde det gått då? Viss ingen hadde gjort ein innsats for bygda si, kossen hadde det vore då? Om ingen hadde brydd seg eller brukt av tida si til å gjera det beste for barn og unge på Bjoa? Men heldigvis er det nokon som tek over stafettpinnen og gjer ein innsats, bryr seg om andre og brukar tid for å gjera det besta for barn og unge på Bjoa! Kwart år deler FUT ut ein pris til nokon i Vindafjord som fortener ein klapp på skuldra, ein takk og påskjøning for at dei brukar av tid og krefter for å vidareformidla Guds store kjærleik, Jesus, til barn og unge. Anita og Torbjørn Hamre, kan de komma opp!

Både Anita og Torbjørn, som no er aktive i drifta av både Mini-Credo og Credo, vart svært overraske over å få tildelt prisen. Ein velfortent pris som har diplom med påskrift: «Det handle om samarbeid, håp, tru, idealisme, dugnadsånd, pågangsmot, kjærleik, hjarterom og formidling om Jesus til barn og unge.» I tillegg fekk dei ein liten figur, blomar og rosande ord.

Torbjørn fortel at han som ungdom vart engasjert i bibel- og misjonsarbeid i Hong Kong og seinare i Sri Lanka saman med Anita, til dei kom til Bjoa i 1986. Her har dei engasjert seg både i Bjoa Misjonsmenighet og ulike barne- og ungdomsarbeid. Dei overtok Credo arbeidet for 4-5 år sidan og roser dei som dreiv dette tidlegare (spesielt Sonja Sælevik og Elin + Odd Gjerde). Torbjørn nemner at dei har vore med før dette både i Feedback, junior foreining, guteklubb og speidararbeid. I dei seinare åra har samarbeidet med bedehuset vore tett og godt, og mykje



Anita og Torbjørn takka for prisen, overrett av Adrian B. Knutsen, Britt Karstensen og Sindre Sandsgård.

av arbeidet har dei nå saman her, med faste samlingar kvar veke. Eit godt samarbeid både med kristne på Bjoa, Brandøy og elevar på Lundeneset.

– FUT ville i år setja fokus på SAMARBEID på tvers av ulike kristne grupperingar, seier Britt Karstensen som stod for prisutdelinga for FUT.

– Anita og Torbjørn er aktive i Misjonskyrkja og trygge i sin identitet her. Samstundes klarer dei å sjå utover og samarbeide med kyrkja om arbeidet med born og unge. Bjoa er ei lita bygd, og eit godt eksempel på at alle gode krefter må dra i lag om ein skal få noko til. Både i kyrkja, på Brandøy og på bedehuset møtest ein frå ulike kristne forsamlingar. Økumenikk i praksis.

– Mini Credo og Credo er i det store og heile det som skjer av kontinuerleg kristent barne- og ungdomsarbeid på Bjoa. Her går dei aller fleste! Borna har ulike kyrkjetilhørslar. Ikkje berre frå Den norske Kyrkja, men også ulike frikyrkjer og den katolske kyrkja. Fleire nasjonar er representerte og blir inkluderte frå første stund.

Britt fortel vidare at trusopplæring i regi av kyrkja har nokre punktvis tiltak der dei også har med born frå andre kyrkjesamfunn, men kyrkja har også eit formelt samarbeid med dette frivillige arbeidet der t.d. nokre samlingar på Mini Credo blir planlagt i lag med kateketen og rapportert som kyrkja sitt trusopplæringsarbeid. Britt viser til fleire felles arrangement og tiltak der Anita og Torbjørn har delteke.

– Anita og Torbjørn har engasjert seg i mange år for born og unge på Bjoa og fortener ein pris uansett! seier Britt Karstensen. – Andre har lagt ned stort arbeid i oppbygginga av Mini-Credo og Credo, men Anita og Torbjørn tok over stafettpinnen og driv arbeidet vidare med stort engasjement. «Alle» på Bjoa veit kven dei er og set stor pris på at dei bryr seg og bruker tid på borna.



Mini-Credo sang i Bjoa kyrkje.

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent bele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS 22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 5. juni 2025.

Frist for levering av stoff er 28. april.